


Velkommen til Norheimsund barnehage

2024-25



Satsingsområda våre er språk, leik og uteliv.



INNHOLD

- Norheimsund barnehage
- Informasjon
- Årsplanen
- Kvam herad sitt hovudmål og visjon for dei kommunale barnehagane
- Verdigrunnlaget i barnehagen
- Medverknad
- Satsingsområda i Norheimsund barnehage
- Innhaldet i Norheimsund barnehage
- Fagområda
- Planlegging, gjennomføring og vurdering
- Vaksenrolla i barnehagen
- Overgangar
- Samarbeid mellom heim og barnehage
- Trafikktryggleik
- Støttesystem i barnehagane i Kvam

NORHEIMSUND BARNEHAGE

I 1989 opna Norheimsund barnehage, den gongen med to avdelinger. I 2017 vart Norheimsund og Tolomarka barnehage slått saman. Barnehagen har i dag 6 avdelinger med plass til 120 barn.



På uteleikeplassen har me gapahuk, grillhytte, sandkasse, disse, sklie, båt m.m. I skogen ved Sandvenslia har me gapahuk og lavvo, i to ulike områder.

Barnehagen ligg i eit roleg område og er samtidig sentrumsnær, med kort veg til biblioteket, Fartøyversenteret, stranda m.m. Me nyttar nærmiljøet.

Personellet er barnehagelærarar, spesialpedagogar, fagarbeidarar, assistenter og lærlingar. Alle har eit ynskje om å skapa ein god barnehage for barna.

Norheimsund barnehage har to småbarnsavdelingar, Linerla og Blåmeisa.
Basen for dei yngste er frå ca 1-3 år.

Det er to avdelingar for dei mellomstore, Måltosten og Gråspurven. Mellombasen har barn frå ca 2-4 år. Avdelingane for dei eldste er Kråka og Ørna. Basen for dei eldste er frå ca 3-6 år.

Me legg vekt på samarbeid på basen og på huset generelt.

- *Satsingsområdet i 2024-2025 er språk, leik og uteliv.*





INFORMASJON

Styrar

Karin Træbakken

Mobil: 468 65 845

E-post: kareik@kvam.kommune.no

Adressa: Kyrkjevegen 30, 5600

Norheimsund

Avdelinger

Gråspurven: Bjørg Furnes er pedagogisk leiar og Kari Tveitarås er barnehagelærar, tlf 476 17 635

Måltosten: Mia Trolle er pedagogisk leiar og Harald Seim er barnehagelærar, tlf 480 21 371.

Linerla: Elisabeth Åkre og Ann-Christin Olsen er pedagogisk leiar, tlf 901 32 395.

Blåmeisa: Rebecca Opsahl-Engen er pedagogisk leiar og Else Marie Kjosås er barnehagelærar, Eirin Tufteland er barnehagelærar (permisjon), tlf 901 40 343.

Kråka: Silje Laupsa Mo er pedagogisk leiar og Jorunn Austefjord er barnehagelærar, tlf 908 73 587.

Ørna: Cathrine Høvik Mo er pedagogisk leiar og Torill Borge er barnehagelærar, tlf 482 00 368.



Opningstida er kl 07-16.30. Barna kan vera i barnehagen inntil 9 timer kvar dag, jfr dei kommunale vedtekene.

Kjernetida er kl 9.30-14.30. Dvs at barna bør koma i barnehagen innan kl 9.30. Barna er tilbake i barnehagen innan kl 14.30, om nokre er på tur. Om barnet treng å bli levert seinare eller skal hentast tidleg, ynskjer me beskjed.

Barnehageruta
Barnehageruta finn de på MyKid og på barnehage/skuleruta på kvam.no/barnehage. Der står det kor tid barnehagen har stengt pga planleggingsdagar, ferie og fridagar.

MyKid Alle dei kommunale barnehagane i Kvam nyttar kommunikasjonsverktøyet MyKid. Foreldre vil få informasjon fra barnehagen og avdelinga, invitasjon til foreldremøter og foreldresamtalar via MyKid. Foreldre kan gje informasjon td løyveskjema, legge inn at barnet tek fri, sende melding m.m.

Om barnet tek fri eller er sjuk ynskjer me beskjed innan kl 9.00. Legg inn fråværet på MyKid, skriv ein SMS eller ring avdelinga. Me set pris på å få beskjed om fråvær fram i tid så snart som mogleg td feriedagar, fri m.m.

ÅRSPLAN, ÅRSHUL, PROGRESJONSPLAN

Årplanen byggjer på Rammeplan for barnehagen.

Rammeplanen er ein offentleg vedtatt læreplan som gjeld for alle barnehagar i Norge.

Rammeplanen er ei forskrift til barnehagelova, og beskriv meir detaljert om kva barnehagen skal innehalda og kva ansvar personalet har.

Kvam har ein felles kommunal årsplan for dei kommunale barnehagane, som skal sikre lik kvalitet uansett kva barnehage barnet ditt går i. Me har og kommunale vedtekter.

Årsplanen til Norheimsund barnehage synleggjer korleis me vil jobbe etter rammeplanen og Kvam sin felles årsplan. Årsplanen vår skal sei kva me legg vekt på.

Årshjulet og progresjonsplanen for Norheimsund barnehage beskriv korleis me jobbar vidare med årsplanen.



KVAM HERAD SITT HOVUDMÅL OG VISJON

Hovudmålet: Alle barn skal vera i eit trygt og inkluderande miljø der dei opplev meistring.

Visjon: Me skapar gode barndomsminne og livsglede

Slik jobbar Norheimsund barnehage mot å nå hovudmålet og visjonen:



VERDIGRUNNLAGET I NORHEIMSUND BARNEHAGE

Barn og barndom

Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndomen. Ein god barndom kan legge grunnlag for eit godt liv og tru på eigne evner.

Trivsel, leik og venskap er fundamentalt.

- Personalet møter barna med empati, og er bevisst på å vidareutvikla barna sin empati.
- Personalet er saman med og i nærleiken av barna og ser korleis dei har det.
- Personalet planlegg tid til leik og til organiserte aktiviteter.



Demokrati

Barnehagen legg vekt på demokrati, respekt for ulikskapar og har positive haldningar til å leve saman i fellesskap.

- Personalet lar barna få medverka på innhaldet i barnehagen, ulike ynskje og idear kan inn i planar eller personalet er spontane og planar kan endrast.
- Personalet høyrer på barna sine meningar, uavhengig av kommunikasjonsevne og språkferdigheiter. Små barn seier mykje utan ord.
- Personalet må vera bevisst på å utvikla eit inkluderande fellesskap.

Mangfald og gjensidig respekt

Barnehagen skal fremja respekt for menneskeverdet. Å fremja mangfaldet og å visa gjensidig respekt skal verdsetjast.

- Personalet skal saman med barna vera nyskjerrig og undrande over likskapar og ulikskapar, td i samtaler med barna i kvardagssituasjonar eller i organiserte aktivitetar.
- Det finst mange måtar å tenke, handle og leva på.
- Barna har ulike familieformer.
- Barna i barnehagen kjem frå ulike land, har ulikt livssyn og kulturell bakgrunn. Barnehagen skal bl.a. synleggjera samane sin kultur.
- Barna skal verta anerkjent for den dei er.
- Verdien av å vera i eit fellesskap skal stå sentralt.
- I oktober og november er internasjonale månader i Norheimsund barnehage. Me får høve til å bli kjent med ulike land, levesett, kulturar m.m. Anna kvart år deltek me på FORUT-aksjonen.

Likestilling og likeverd

Barnehagen skal fremja likeverd og likestilling og motverke all form for diskriminering.

- Alle barn skal bli sett og høyrte, uavhengig av td funksjonsevne, sosial status og kjønn m.m.
- Me vil verdsetja å ta vare på mangfaldet.
- Personalet er bevisste i samtaler og på korleis me planlegg og organiserer aktiviteter.

Berekraftig utvikling

Barna skal læra å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

- Personalet skal leggja til rette for at barna vert glade i å vera ute i naturen og i nærmiljøet til alle årstider, samt det å ta vare på han.
- Me rydder etter oss på tur.
- Me skal kildesortera.
- Me vil redusera bruk av plast. Td me sender heim våte og skitne klede i tøynett.



Livsmestring og helse

Barna si fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til barn sin tryggleik, livsglede og følelse av eigenverd. Barnehagen skal vera ein arena for dagleg fysisk aktivitet og samtidig gje rom for kvile. Barnehagen skal syte for at barna utviklar matglede og sunne helsevaner.

- Personalelet skal støtta og anerkjenna barna sine kroppslege og emosjonelle uttrykksformer.
- Personalelet skal organisera dagen, gje ei veksling av aktivitet og kvile.
- Barna får vera med personalelet å laga til måltida.
- Personalelet ynskjer at måltida skal vera eit sosialt samlingspunkt, med sunn og variert mat. Det er varm lunch ein dag i veka.

MEDVERKNAD

Barnehagen skal delta i demokratiske prosesser og barna skal få ha innflytelse på det som skjer i barnehagen.

Barnehagen skal ivareta foreldra sin rett til å medverka.


Samarbeidet skal alltid ha barnet sitt beste som mål.

- Personalelet skal anerkjenna barna sine ulike behov uavhengig av alder.
- Barna skal få medverka i daglege gjeremål tilpassa alder, modning og individuelle forutsetninger.
- Idear og tankar frå barn og foreldre kan inn i planar, og planar kan endrast.



SATSINGSMRÅDE I NORHEIMSUND BARNEHAGE

Satsingsområda i Norheimsund barnehage er **språk, leik og uteliv**.



Språk

Barnehagen skal vera bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og vert påvirka av alle sider av barnet si utvikling. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom kvardagsaktivitetar og få delta i aktivitetar som fremjar språkutviklinga.

Barnehagen skal anerkjenna ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk.

Å gjera seg forstått og bli forstått er viktig i samspel med andre.

***Korleis vil me jobba for å utvikle språket:**

- Personalet er bevisst på at dei er språklege forbilde.
- Personalet støtter barna si språkutvikling etter alder og modning.
- Ved observasjon og samspel med barna vil me tidleg oppdage barn som treng ekstra støtte.
- Me støtter språkutviklinga til tospråklege, der mormålet er viktig å ta vare på.
- Personalet legg til rette for uformelle og formelle aktivitetar som kan støtte språkutviklinga. Frileik, språkaktivitetar og språkgrupper skal organiserast inn i planar.
- Me les/fortel om bilde frå bøker, har eventyrformidling og dramatisering, spelar spel, brukar rim og regler m.m.
- Personalet skal aktivt nytta verktøy som snakkepakken og språkkista.
- Me nyttar karleggingverktøy som TRAS og Alle Med.
- Språkstimulerande aktivitetar skjer inne og ute.



Leik

Leiken er ein viktig del av barna sitt liv i barnehagen. Eigenverdien til leiken skal anerkjennast.

Leik gjev mykje glede og humor.

Gjennom leik lærer og utviklar barna seg på ulike områder. Leik kan gje god utvikling for språket og for barna sin sosial kompetanse. Barna lærer, forstår og undrar seg. Leik i ulike miljø støttar den motoriske utviklinga. Leiken er samtidig ein fin plass til å bearbeide opplevingar og inntrykk.

*Korleis vil me legga til rette for leik:

- Dagrytmen legg til rette for frileik, tid til å leika saman med andre eller aleine.
- Personalet kan legg til rette for ulik leik, ved å gje barna ulike leikemiljø både inne og ute. Ulik leikemateriell og tema kan gje ulik leik. Dette vil igjen gje utvikling på ulike områder.
- Personalet observerer og er deltagande i leiken. Då vil personalet sjå om alle barna kan leikekodane og om alle får vera med i leiken. Dei vaksne rettleiar ved behov.
- Personalet legg til rette for mindre leikegrupper.
- Personalet tek initiativ til leik og aktivitetar som bidreg til at alle kjem inn i leiken.



Uteliv

Barnehagen skal legga til rette for at barna kan få eit mangfold av naturopplevingar og får oppleva naturen som arena for leik og læring. Barnehagen skal bidra til at barna vert kjent med sitt eige nærmiljø og bygda.

Uteliv i Norheimsund barnehage startar med leik og opplevingar på uteleikeplassen. Barna vil etter alder og modning gradvis få nye og fleire opplevingar på ulike stader i nærmiljøet.

*Korleis vil me jobba med uteliv:

- Me vil følge årstidene, der barna er tett på naturen, ser endringar og kjenner på vær og temperatur.
- Barna skal få ulike friluftsopplevingar td gå på ski, utforske dyrelivet og småkryp, plukke bær, eta nista på ulike stader, laga mat på bål, klatre i tre m.m.
- Barna skal få oppleva ulike turområder td til gapahuken, lavvoen, Sandvenslia og Sundsvik.
- Barna får lengre turar td til Sjusete på vinteren eller uteleik i skogen i Tolomarka.
- Me legg vekt på leik i ulikt miljø og vil ha språkstimulerande aktivitetar.
- Me rydder etter oss ute.



INNHALDET I NORHEIMSUND BARNEHAGE

Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng. Dette skal gje grunnlag for ei allsidig utvikling.



Under kan de lese om dei ulike områda. Leik og språk kan de lese om under satsingsområda.

Omsorg

Barnehagen skal legga til rette for at alle barn kan knytta seg til personalet og til kvarandre. I barnehagen skal alle barn verta sett, respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for. Barnehagen skal førebygga og avdekka omsorgsvikt, vald og seksuelle overgrep.

Våre tiltak

- Personalet skal bruka avdelingsmøter til å kartlegga at alle barn har ein trygg voksenperson i sin barnehagekvardag (fargekartlegging).
- Personalet skal vera fysisk og mentalt tilstades for å ha eit godt samspel med barn, samt anerkjenna barn sine følelser, behov og opplevingar.
- Personalet har nært samarbeid med PPT, støtteteam, helsestasjonen og lege.
- Personalet har tatt kurset «Sjå barnet innanfrå», utvikla av Tilknytningspsykologane i samarbeid med FolkOm.



Venskap og fellesskap

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre. Barnehagen skal jobbe for at alle barn får oppleva seg sjølv som verdifulle, får vener og får bidra i eit sosialt fellesskap. Barnehagen skal forebygga, avdekka og stoppa mobbing og krenking. Me fyljer Kvam herad sin «Plan for å førebyggande arbeid mot mobbing i barnehagen». Barnehagen skal fremja likestilling, likeverd og motvirke alle former for diskriminering.

Våre tiltak:

- Me nyttar Kvam herad sin handlingsplan mot mobbing.
- Barn skal få same utgangspunkt i leik og aktivitetar, uavhengig av kjønn, kultur og identitet. Me vil ta vare på mangfaldet.
- Me vil jobba med sosial kompetanse.



Desse 5 områda definerer sosial kompetanse:

- Empati: leva seg inn i andre sine kjensler og å forstå andre sine perspektiv og det dei tenker.
- Prososiale handlingar: positive sosiale handlingar td dela med andre, hjelpe til, visa omsorg m.m.
- Sjølvkontroll: å kunne utsetja eigne behov, venta på tur, ta i mot ein beskjed m.m.
- Sjølvhevding: Å hevda seg sjølv og eigne meningar på ein god måte, torna å stå i mot gruppepress, ta initiativ til eller stå i mot gruppepress, ta initiativ til eller bli med i leik og samtalar som allereie er i gang.
- Leik, glede og humor: Å kunna skilja leik i frå anna aktivitet, tolka leikesignal og la seg riva med og kjenna glede, slappa av, spøka og ha det moro.

Danning

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vera prøvande og nyskjerring på omverda, gje dei allsidig kunnskap og erfaringar. Barna treng å få delta i eit demokratisk fellesskap og samtidig skal det verdsetjast individuelle utrykk og handlingar.

Våre tiltak

- Støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet.
- Legge merke til, anerkjenne og følge opp barnas perspektiv og handlingar.
- Utfordre tenkinga til barna.
- Synleggjera og framheva mangfold og ulikskap.



Læring

Barna skal oppleva eit stimulerande og utforskande miljø som fremjer barn sin nysgjerrighet og lærelyst, etter alder og modning. Barnehagen skal sørga for utvikling og progresjon innanfor alle fagområda i rammeplanen. Barnehagen skal støtta og berika barnet sitt initiativ og gje dei utfordringar og tiltru til eigne evner.

Våre tiltak

- Personalet skal vera medforskarar og undrande saman med barna og saman finne svar.
- Personalet introduserer ulike tema og materiale.
- Personalet skal ut i frå barnas interesser og engasjement, danna grunnlag for planlegging av aktivitetar.
- Personalet skal aktivt tilrettelegge for bruk av nærmiljøet som forskingsarena.



Les om leikbasert læring nedanfor.


Leikbasert læring

Alle barnehagane i Kvam nyttar leikbasert læring. Dette er eit forskingsbasert førskuleopplegg som er særleg tilrettelagt for skulestartarane i barnehagen, tilpassa norske forhold og tradisjonar. Leikbasert læring er utvikla gjennom eit samarbeid mellom barnehagelærarar og forskarar.

Leikbasert læring er ein kombinasjon av fri leik og leikbaserte læringsaktivitetar tilrettelagt av vaksne. Studier viser at det er slik barna lærer best.

Eit trygt og stimuleande læringsmiljø kan gjera det lettare for barn med ei utfordring å trivst sosialt og fagleg på skulen

De kan sjå og læra meir om leikbasert læring ved å gå inn på <https://leikbasert.no/om-leikbasert-laering/>



Trygge relasjonar dannar den ytterste sirkelen i modellen. Gjennom trygge relasjoner med andre barn og voksne kan barnet trivst, leika, utfolda seg og lære.

Modellen viser fira områder som er viktige for at barn skal klare seg bra sosialt og faglig på skulen.


FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN

Fagområda i rammeplanen skal sjåast i samanheng og skal vera gjennomgåande i barnehagen sitt innhald. Ved å sjå Årshjulet og Progresjonsplanen for Norheimsund barnehage, vil de sjå korleis med jobbar med fagområda. Fagområda vert jobba med i planlagte aktivitetar og i kvardagssituasjonar som td ved påkledning og i frileik.




PLANLEGGING, GJENNOMFØRING OG VURDERING

Barnehagen skal vera ei pedagogisk verksemnd som skal planleggast og vurderast. Norheimsund barnehage vil vidareutvikle den pedagogiske verksemda.



VAKSENROLLA

For Norheimsund barnehage er vaksenrolla



OVERGANGAR

I løpet av barnehageåra vil barnet oppleva overganger.

Barnet byrjar i barnehagen

Når barnet byrjar i barnehagen er det viktig med ei trygg og god tilvenning for barnet. I forkant vil foreldre få informasjon om tilvenninga og praktisk informasjon. Foreldre og barn vil verta invitert på besøk i barnehagen. Tilvenninga går over minimum 3 dagar. Personalet ynskjer eit tett samarbeid med foreldre, for å få ei god tilvenning.

Når barnet byter avdeling

Etter kvart som barnet vert eldre, byter barnet avdeling til mellombasen og til basen for dei eldste barna. Foreldre vil få informasjon når det vil skje ei endring. Me legg vekt på at barna får besøke ny avdeling og får møte nye vaksne fleire gonger før overflyttinga. Me vil ta vare på venskap. Gjerne følger det med ein kjent voksen frå personalet over til ny avdeling.

Før skulestart

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen leggja til rette for at barna får ein trygg overgang frå barnehage til skule. Kvam herad har utarbeidd ein overgangsplan. Barnehagen skal leggja til rette for at barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheter som gjev eit godt grunnlag for å byrja på skulen.

Våre tiltak:

- Barnehagen har ei førskulegruppe, kalla Stjerneklubben.
- Gruppa er i lag minst ein gong for veka.
- Pedagogane nytter boka «Leik til læring», sjå meir under leikbasert læring.
- Barna skal få bli kjent med kva som skjer på skulen.



SAMARBEID MELLOM HEIM OG BARNEHAGE

Norheimsund barnehage ynskjer eit tett samanbeid med foreldre, der målet er barnet sitt beste.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf barnehagelova §1.



Foreldreråd og samarbeidsutvalet

Ifølge Lov om barnehagar §4 skal alle barnehagar i Norge ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Begge skal bidra til eit godt samarbeid mellom foreldre og personalet i barnehagen.

Alle foreldre utgjer *foreldrerådet*.

Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ mellom foreldre og barnehagen.
SU består av :

- ein foreldre og eit personale frå kvar base.
- styrar
- politikar/barnehageeigar

Styrar har ansvar for å kalla inn til SU møter.

Samarbeidsutvalet 2024-25 i Norheimsund barnehage:

Småbarnsbasen, Linerla/Blåmeisa:

- Foreldre: Yngvild Gilje Storhaug, vara Maria Eknes
- Personale: Rebecca Opsahl-Engen, vara Ann-Christin Olsen

Mellombarnsbasen, Måltrosten/Gråspurven:

- Foreldre: Therese Hystad, vara Lene Storsand
- Personale: Karoline Vikøy, vara Bjørg Furnes

Storbarnsbasen, Ørna/Kråka:

- Foreldre: Anette Tyssebotn, vara Maria Rykkje
- Personale: Andre Laupsa, vara Guro Cecilie Nordvik

Politikar: Johanne Neteland, vara Marta Bergesen Gravdal.

TRAFIKKTRYGGLEIK

Kvam herad er ein trafikksikker kommune. Fleire kriterier må oppfyllast i barnehagen.



STØTTESYSTEM I BARNEHAGANE I KVAM

Barnehagen skal tilpassa det pedagogiske tilbodet etter behov og etter føresetnadane til barna. Barn kan trenga ekstra støtte i korte og lengre periodar. Barn som treng ekstra støtte skal få det tidleg, for å gje barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod.

Barnehagane i Kvam samarbeider med andre kommunale tjenester som arbeider med barn td helsestasjonen og PPT.

Barnehagen har interne rutinar for å fange opp barn som treng ekstra fokus og hjelp, og set i gang tiltak i samråd med foreldre.

Som eit lågterskeltilbod møter pedagogisk psykologisk tjeneste (PPT) styrar og dei pedagogiske leiarane to gonger i året og rettleiar ut i frå barnehagen sitt behov.

I 2021 vart det laga ein modell for ny organisering av støttesystem og spesialpedagogisk hjelp i barnehagane i Kvam. Kvar barnehage har ein eller fleire spesialpedagogar i barnehagen. Norheimsund barnehage har 150% spesialpedagog i barnehagen året 24-25. Spesialpedagogen skal jobba med førebygging, kompetanseheving, rettleiing, inkludering- og enkeltvedtaksarbeid.

